

Oppmannsrapport

etter fellessensur i

Norsk skriftleg

Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Sentralt gitt eksamen

NOR 0214, NOR 0215, NOR 1415, 10. årstrinn

Våren 2014

Førde den 25.06.2014.

Arnstein Sandbakk

Oppmann

Fellessensur, Hotell Alexandra i Loen.

Fellessensuren vart gjennomført 16. – 17. juni. Førrebuande møte med fylkesmann og oppmenn vart halden 15. juni.

Kommentarar til oppgåvene.

Under møte med sensorane i forkant av samordninga, kom det fram klare synspunkt på både førebuingmaterialet og oppgåvene frå mange sensorar.

Stemminga var veldig positiv når det gjaldt tekstane i førebuinga.

Hovudmål.

A1:

Utfordrande for elevane. Bestillinga samanhengande tekst kan ha vore til misforståing for elevane, er samanhengande tekst ein tekst utan avsnitt? Kanskje ein her ar bedt om for mykje. Må det vere ein tale?

B1:

Få elevar skriv direkte om kva det vil seie «å ha det ein treng». Mange skriv om «det gode liv i Noreg». Kor mange fekk med seg at lesaren skal underhaldast? Eleven må ta stilling til kva det vil seia å ha det ein treng.

Det er få elevar som veit kven Arve Tellefsen er. Svара blir for generelle. Mange skriv om kor godt me har det.

Vanskeleg oppgåve å vurdere. Kanskje skulle problemstillinga ha vore presisert.

B2:

Kva er skilnaden: Å fortelja om, reflektera? Manglande overskrift: Når overskrifta er ein del av bestillinga, blir ho ein del av vurderingsgrunnlaget.

B3:

Ingen kommentar.

Sidemål.

A1:

Formalkunnskapen skal fram, og her må eleven setja ord på kva han kan. Dette var vanskeleg for mange.

Kva er å forklara, og kva er å peika på? Her er store ulikheiter mellom skulane, og her viser bestillinga tydeleg kven som har hatt lærar som har undervist i temaet.

A2:

Nokre elevar har tolka teksten, utan synsvinkel. Nokre har skriva ut frå alle tre synsvinklane.

Enkelte har lagt vekt på forhistoria, ikkje det som skjer akkurat no. Og «dikt vidare» har ført til at nokre elevar skriva dikt.

B1:

Dei som skriv brukar kunnskapen sin. Mange gløymer at dei representerer elevrådet.

Nokre drøftar i staden for å gjera greie for, og nokre kandidatar legg fram synet sitt utan å drøfte.

Dette var ei oppgåve der mange kom med konstruktive råd om sidemålsopplæringa.

B2:

Mange kandidatar skriv berre om å lukkast, skriv for generelt.

B3:

Må ha med norsk natur, ikkje fantasy. I mange av svara var det veldig lite norsk natur.

Til skulane.

Kor flink er elevane til å gje opp kilder? Her er det framleis stor variasjon, og enkelte klassar har ikkje kildehenvisning. Tydelegvis er ikkje dette godt nok presisert på skulane.

Viktig fokus for skulane må framleis vere å øve elevane opp i det å lese og tolke oppgåvene betre. Alt for mange elevar fell på karakterskalaen fordi dei ikkje greier å fokusere teksten sin godt nok på oppgåvebestillinga. I år har vi sett at det å lage god overskrift er ein del av oppgåvebestillinga.

Så må også skulane bli flinkare til å presisere for elevane at dei skal vise til kilder uansett når dei nyttar sitat. Det gjeld ikkje berre på sakprosa.

Avslutningsvis er det viktig å presisere at stemmen på innlest tekst var mykje betre enn den digitale stemma. Fleirstavingsord kan lett bli misforstått når trykktung staving ikkje kjem, eller kjem på feil plass i ordet. Dersom alternativet neste år skal vere kunn digital stemme, må dette betrast betydeleg. Viss ikkje betring skjer, kan ikkje stemmen vere digital.

Gjennomføringa av fellessensuren.

15.06.14.

17.00: Møte med oppmenn og fylkesmannen.

16.06.14.

10.00: Møte med oppmenn og fylkesmann.

13.00 – 14.00: Lunsj.

14.00 - 15.30: Gjennomgang av oppgåver med oppmenn.

15.30 – 16.00: Kaffi.

16.00 – 18.30: Tekstvurdering.

18.30 – 19.00: Info ved fylkesmann.

17.06.14.

08.00: Info ved fylkesmann/oppmann.

08.30: Fellessensur, samordning av karakterar.

15.00: Debriefing, avslutning.

Statistikk.

Endelig karakter

Sist oppdatert : 18.06.2014 - Hele landet

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
NOR0214	Norsk hovedmål 10. årstrinn,	16229	0,8	13,6	37,9	32,2	13,0	2,4	3,5	1,0

Endelig karakter

Sist oppdatert : 18.06.2014 - Sensurregion nr 07

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
NOR0214	Norsk hovedmål 10. årstrinn, skriftlig	1219	1,8	14,6	35,4	32,2	13,8	2,2	3,5	1,0

Endelig karakter

Sist oppdatert : 18.06.2014 - Møre Og Romsdal

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
NOR0214	Norsk hovedmål 10. årstrinn, skriftlig	800	2,0	16,0	35,4	31,1	13,4	2,1	3,4	1,0

Endelig karakter

Sist oppdatert : 18.06.2014 - Sogn Og Fjordane

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
NOR0214	Norsk hovedmål 10. årstrinn, skriftlig	419	1,4	11,9	35,3	34,4	14,6	2,4	3,6	1,0

Endelig karakter

Sist oppdatert : 18.06.2014 - Hele landet

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
NOR0215	Norsk sidemål 10. årstrinn, skriftlig	16113	2,5	26,1	39,7	23,4	7,4	0,9	3,1	1,0

Endelig karakter

Sist oppdatert : 18.06.2014 - Sensurregion nr 07

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
NOR0215	Norsk sidemål 10. årstrinn, skriftlig	1209	2,5	20,3	38,8	25,4	11,4	1,7	3,3	1,0

Endelig karakter

Sist oppdatert : 18.06.2014 - Møre Og Romsdal

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
NOR0215	Norsk sidemål 10. årstrinn, skriftlig	792	3,0	21,5	40,7	24,9	9,6	0,4	3,2	1,0

Endelig karakter

Sist oppdatert : 18.06.2014 - Sogn Og Fjordane

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
NOR0215	Norsk sidemål 10. årstrinn, skriftlig	417	1,4	18,0	35,3	26,4	14,9	4,1	3,5	1,1

Endelig karakter

Sist oppdatert : 18.06.2014 - Hele landet

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
NOR1415	Norsk for elever med fritak for vurdering av sidemål, 10. årstrinn	2284	10,7	52,0	28,4	7,6	1,1	0,1	2,4	0,8

Endelig karakter**Sist oppdatert : 18.06.2014 - Sensurregion nr 07**

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
NOR1415	Norsk for elever med fritak for vurdering av sidemål, 10. årstrinn	68	5,9	72,1	19,1	2,9	0,0	0,0	2,2	0,6

Endelig karakter**Sist oppdatert : 18.06.2014 - Møre Og Romsdal**

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
NOR1415	Norsk for elever med fritak for vurdering av sidemål, 10. årstrinn	64	6,3	75,0	17,2	1,6	0,0	0,0	2,1	0,5

Endelig karakter**Sist oppdatert : 18.06.2014 - Sogn Og Fjordane**

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
NOR1415	Norsk for elever med fritak for vurdering av sidemål, 10. årstrinn	4	0,0	25,0	50,0	25,0	0,0	0,0	3,0	0,8

Statistikken viser at resultatene stort sett har små variasjonar i regionen, samanlikna med landet totalt sett. Litt spesielt var det i år at nokre fleire kandidatar samla seg om karakterane 1 og 2 enn tidlegare både i nor2014 og nor2015. Viss dette er ein tendens som vil vise seg over fleire år, er det grunn for uro.

Dette har skjedd både i regionen og i heile landet.

Når det gjeld nor1415, ser vi at ingen fekk karakterane 5 eller 6 i år. Mens andelen som fekk 4 hadde auka litt. Kanskje er det ein gradvis framgang over tid for denne gruppa.

Sluttmerknader.

Fleire skular enn nokon gong har levert digitalt. Kunn eit fåtal leverte på papir. Grunngevinga frå desse skulane er usikkerheit om nettet er påliteleg nok.

Matrisa.

Det ser ut til at matrisa er til god hjelp, saman med vurderingsretteiinga både for faget generelt og for hovud- og sidemål. Men det er trong for at denne blir oppdatert heile vegen, slik at kriteria for dei ulike karakterane blir stadig meir konkrete.

Ein god tittel er nødvendig for at ein tekst skal kunne vurderast høgt på karakterskalaen. Dette bør ha si formulering i matrisa.

Konklusjon.

Fellessensurmøtet i Loen vart gjennomført på ein god måte. Ingen store vanskar vart meldt om. Og alle sensorgruppene hadde fullført arbeidet innan rimeleg tid. At alt arbeidet er gjort på ein så god måte, må for ein del forklarast utifrå at det har vore gjennomført sensorskolering fleire år på rad i mai. Dette tiltaket bør no bli obligatorisk.

Men det er ingen hemske at sensorkollegiet er samansett av ei blanding mellom erfarne og unge sensorar som er konstruktive og seriøse i alt sitt arbeid.

oppmann